

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 04.04.2018

Vår ref.: 201708661-3

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Brit Torill Haugen

Opedal Ljosverk (SUS)– Søknad om løyve til Opeland Ljosverk i Ullensvang herad i Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Opedal Ljosverk (SUS), datert 28.02.2018, om løyve til Opedal Ljosverk i Ullensvang herad.

Opedal Ljosverk (SUS) ynskjer å nytte eit fall på 74 meter i elva Opo som renn ut i Sørfjorden ved Lofthus. Elva er eit verna vassdrag. Inntaket er planlagt på kote 187 og kraftstasjonen på kote 113. Vassvegen vil bli 820 m og skal gravast ned på heile strekninga. Middelvassføringa er på 4200 l/s og maksimal slukeevne er på 1700 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW og vil etter planane gje ein årleg produksjon på 5,5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på om lag 846 m i Opo. Det er planlagt ei minstevassføring på 1400 l/s i perioda 1.5-30.9 og 140 l/s i perioda 1.10- 30.4. Dette tilsvarar 5-persentilverdiene for vassdraget.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Opdal Ljosverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline, og anleggskonsesjon.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 og 5 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Ullensvang herad leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på heradshuset fram til **20.05.2018**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **18.05.2018**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Brit Torill Haugen
seniorrådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag
BKK NETT AS
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland
HARDANGER ENERGI NETT AS
Hordaland fylkeskommune
Hotel Ullensvang
Naturvernforbundet i Hordaland
NHO Reiseliv Region Vest-Norge
Norges Miljøvernforbund v/Arne Roger Hansen
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland
Odda/Ullensvang turlag
Statens Vegvesen - region vest
Statnett SF
Ullensvang herad

Kopi til:

Opedal Ljosverk (SUS)